

SØKNADER

Søknader til Radøy kommune – Ekstraordinær ordning 2019.

Salsbua ved bana – oppgradering

Radøy idrettslag søker om tilskot – stort kr 10,000,- - av midlane under Ekstraordinær ordning 2019

Bakgrunn: Salsbua ved bana treng oppgradering. Ei mobil bu har vore nytta i år. Denne er både for liten og høver ikkje inn i omgivnaden.

Det trengs noko utvendig arbeid: skifting av noko kledning, rparasjon av døra og maling. To knuste vindauge må skiftast. Invendes trengs nytt golv, benkeplate, nokre nye hyller og maling . det trengs og litt fornying av inventar/utstyr.

Salsbua er viktig for sal under arrangement på bana. Bua vil med opprusting bli tiltalende og falla flott inn i omgivnaden

Kostnadsoverslag:

Skifte noko av kledningen/dør	kr. 3.500,-
Skifting av knuste vindauge	« 2.500,-
Nytt golv og bordplate	« 4.000,-
Nye hyller inne	« 1.500,-
El.anlegg	« 2.000,-
Maling utvendes/innvendes	« 6.000,-
Fornying av utstyr inne	« 3.500,-
<u>Uføresett</u>	<u>« 3.000,-</u>
<u>Kostnad:</u>	<u>kr. 26.000,-</u>

Finansiering:

Dugnad	kr. 8.000,-
Eigne midlar	« 8.000,-
<u>Tilskot Radøy kommune</u>	<u>« 10.000,-</u>
<u>Totalt:</u>	<u>kr. 26.000,-</u>

På førehand takk for positiv handsaming!

Vyrdsamt

Olav Steinar Namtvedt (s), styreleiar Radøy Idrettslag

Opprusting garderobe og klubblokale loft Samfunnshuset

Radøy Idrettslag søker med dette om tilskot – stort kr. 25.000,- av midlane under Ekstraordinær ordning 2019

Bakgrunn: Radøy idrettslag disponerer og har etter avtale med Samfunnshuset «Skogen», der laget er majoritetseigar, ansvaret for garderoben i 1.høgda og klubblokale i 3.høgda.

Garderobane treng noko opprusting, særleg dommargarderoben og to toalett.

I dommargarderoben trengs nytt dusjkabinett og toalett med eigen inngang. Garderobane treng litt flikking/maling.

Garderobane er nytta i samband med fotballkampar/trening og ved andre idrettsaktivitetar i huset/på bana, og det er viktig at dei er i god stand.

Klubblokale må etter kvart pussast opp, og laget treng meir arkivplass. Lokalet er brukt i samband med møter og for samling av laget sine arkiv,noko materiell og premiesamling.

Kostnadsoverslag:

Garderobe

Dommargarderobe – nytt dusjkabinett/maling:	kr. 15.000,-
Toalett - Oppgradering/ 2 dører -maling:	« 27.000,-

Klubblokale

Oppgradering/fast inventar (arkiv):	« 15.000,-
<u>Uføresett</u>	<u>« 3.000,-</u>
<u>Kostnad:</u>	<u>kr. 60.000,-</u>

Finansiering:

Dugnad:	kr. 20.000,-
Eigne midlar	kr. 15.000,-
<u>Tilskot Radøy kommune:</u>	<u>kr. 25.000,-</u>
<u>Totalt:</u>	<u>kr. 60.000,-</u>

På førehand takk for positiv handsaming!

Vyrdsamt

Olav Steinar Namtvedt(s), styreleiar Radøy Idrettslag

Reiskapsbygg ved bana

Radøy Idrettslag søker om tilskot, – stort kr. 90.000,-, av midlane under Ekstraordinær ordning 2019. Tiltak: Oppføring av reiskapsbygg ved fotballbana på Sletta

Fotballbana vert vedlikehalden – i hovudsak på dugnad. Det er i den samanheng trong for sin del utstyr: Liten traktor med utstyr for gjødsling og jamnleg lufting/påføring av sand. Vidare har me slåtteutstyr og no to robotar, utstyr for merking og førefallande vedlikehald kring bana (fjerning av kratt, reparasjon av gjerde og plakatar). Mykje av utstyret står no i garasjen ved Samfunnshuset eller ute. Denne er for liten, og han er dessutan fuktig og lite eigna til å ta vare på ein dl av utstyret.

Dette er ei stor, men turvande, investering for laget, og me er såleis avhengig av tilskot for å gjennomføra bygginga.

Kostnadsoverslag:

Grunnarbeid:	Kr. 30.000,-
Byggesett	« 80.000,-
Oppføring	« 20.000,-
El.framføring	« 40.000,-
Søknader om løyve til oppføring	« 20.000,-
<u>Uføresett</u>	<u>« 10.000,-</u>
<u>Kostnad</u>	<u>« 200.000,-</u>

Finansiering:

Dugnad	kr. 35.000,-
Eigne midlar	« 75.000,-
<u>Tilskot Radøy kommune</u>	<u>« 90.000,-</u>
<u>Totalt:</u>	<u>« 180.000,-</u>

På førehand takk for positiv handsaming!

Vyrdsamt

Olav Steinar Namtvedt(s), styreleiar Radøy Idrettslag